



ÅLESUND KOMMUNE

RÅDMANNEN

Mottakarar:

Giske kommune
Haram kommune
Hareid kommune
Norddal kommune
Sandøy kommune
Skodje kommune
Stordal kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Sykkylven kommune
Ulstein kommune
Ørskog kommune

Sakshandsamar
Tore Hals
Tlf 70 16 20 00

Dykker ref.

Vår ref.
TH/12/5589-75/002

Dato:
07.09.2015

**KOMMUNEREFORMA - VAL AV RETNING FOR DET VIDARE ARBEIDET I
ÅLESUND**

Bystyret i Ålesund drøfta i møte 3. september i år (sak 106/15) det vidare arbeidet med kommunereforma. Eit viktig utgangspunkt for drøftinga var den felles utgreiinga som 13 kommunar på Sunnmøre har lagt fram i rapporten «Regionkommune Sunnmøre – Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet».

Etter ei lengre og grundig drøfting slutta bystyret seg til formannskapet si tilråding og gjorde følgjande vedtak:

1. Ålesund bystyre ser klart behovet for ei kommunereform og at det er både nødvendig og ønskjeleg med ein ny kommunestruktur i vår region.
2. Bystyret ser det å halde fram som eigen kommune, slik Ålesund kommune er i dag, som lite framtidsretta.
3. Ålesund kommune tar utgreiinga om Regionkommune Sunnmøre til orientering og ser at det er grunnlag får å etablere ein slik ny kommune og stiller seg i hovudsak bak dei tilrådingane som styringsgruppa har lagt fram i sin rapport. Ålesund vil derfor primært delta i vidare samtalar og konkrete drøftingar mellom alle dei 13 kommunane som står bak utgreiinga, med mål om å lage ein ny regionkommune.
4. Rapporten med anbefalingane frå styringsgruppa kan også vere grunnlag for å

Postadresse: Postboks 1521 6025 ÅLESUND postmottak@alesund.kommune.no	Sentralbord Tlf 70 16 20 00 Faks 70 16 20 01	Besøksadresse: Keiser Wilhelmsgate 11 www.alesund.kommune.no	Tlf 70 16 20 00 Faks 70 16 20 01	Bankgiro: 4200.49.49999 Å.K.org.: 942.953.119
---	--	---	-------------------------------------	--

vurdere ein mindre regionkommune. Kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula og Ålesund utgjer ein kvardagsregion som allereie i dag har eit tett hopehav. Eit fellesskap mellom desse, gjerne med fleire, er eit alternativ til «Regionkommune Sunnmøre» som bystyret ønskjer å få avklart.

5. Adhocratvalet, oppretta av formannskapet etter oppdrag frå bystyret, får forlenga sitt oppdrag i det vidare arbeidet med kommunereforma inntil det nye bystyret bestemmer noko anna.
6. Det bystyret som trer i kraft etter kommunestyrevalet hausten 2015 blir oppmoda om å følgje vidare den retninga som er skissert i punkta ovanfor.

Punkt 1 vart vedtatt med 46 mot 3 røyster, pkt. 2 og 3 med 44 mot 5 røyster og pkt. 4 med 48 mot 1 røyst. Pkt. 5 og 6 var samrøystes.

Bystyret sitt vedtak blir med dette sendt som orientering til dei kommunane som deltok i utgreiinga nemnt ovanfor. Det er fint om Ålesund kan få tilsvarande orientering om vedtak som dei andre kommunane måtte gjere med utgangspunkt i utgreiinga.

Saksdokumentet til bystypesaka (utan dei 7 vedlegga) er knytt til som vedlegg til dette brevet. Er det noko uklart i saka er det berre å ta kontakt.

Med helsing
Kontaktperson for kommunereforma

Tore Hals
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg
Kommunereforma - val av retning for det vidare arbeidet

Kopi til:
Fylkesmannen i Møre og
Romsdal